

Forlik

mellom

Sogndal kommune

og

Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig

Bakgrunn for saka

Saka har sin bakgrunn i at Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig tok ut søksmål mot Sogndal kommune med krav om erstatning grunna i uheimla bruk av akuttreglane i barnevernlova.

Sogn og Fjordane tingrett delte saka, slik at det først vart forhandla om ansvarsgrunnlag og årsakssamanheng. Sogn og Fjordane tingrett kom i dom til at det låg føre ansvarsgrunnlag og årsakssamanheng for nokre av tapspostane, men ikkje alle.

Sogndal kommune anka denne dommen til Gulating lagmannsrett. Ankemotpartane tok til motmæle og hevda ansvarsgrunnlag og årsakssamanheng for alle tapspostane som var gjort gjeldande overfor tingretten.

Forlik

1. Partane er samde om ei minneleg avslutning av saka.
2. Sogndal kommune utbetaier kr 1 250 000 til klientkonto 7307.05.34883 tilhøyrande advokat Pål A. Eide, seinast 15. mai 2021.
3. Partane sender felles prosesskriv til Gulating lagmannsrett om at ankesaka vert heva som forliket. Forliket omfattar også sakskostnadene. Partane seier frå seg retten til forkynning av hevingsorskurd.
4. Partane sender felles prosesskriv til Sogn og Fjordane tingrett om at sak gjeldande erstatningsutmåling vert heva som forlikt. Forliket omfattar også sakskostnadene. Partane seier frå seg retten til forkynning av hevingsorskurd.
5. Partane er samde om at alle forhold knytt til søksmålet og ankesaka er opp- og avgjort ved underteikning av dette forliket.

LEIKANGER 30.04.21

Tor-Erik Sente

TETS

1

ORIHUEKA COSTA 30.4.21

Nils Kristian Bratteteig

Juana P. Calderon M.


6. Dette forliksdokumentet er på to sider. Sogndal kommune har vore representert av advokat Frøde Lauareid. Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig har vore representert av advokat Pål A. Eide. Bøgge advokatane har medverka til utarbeiding av dette forliket. Første side vert parafert av partane. Andre side, denne sida, vert underteikna av partane.

7. Partane er merksame på at Sogndal kommune er eit offentleg organ og at krav om innsyn frå andre i dette forliket vert regulert av offentleglova. Forliket har eit innhald som ikkje gjev heimel for å nekta innsyn dersom nokon ber om det.

8. Dette forliket er i to eksemplar; eitt til kvar av partane.

Leikanger 30.04.21

Stad og dato



Tor-Einar Holvik Skinlo
konstituert rådmann
Sogndal kommune

Stad og dato

ORIHUELA COSTA 30.4.21

Juana P. Calderon M.

Juana Patricia Calderon Montero

Stad og dato

ORIHUELA COSTA 30.4.21

Nils Kristian Bratteteig

Nils Kristian Bratteteig